

## Velkomen til Friluftshelga i Hyen

Det er tid for den årlege Friluftshelga i Hyen igjen. Denne gongen er det den 14. i rekka, og vi ønskjer hjarteleg velkomen til nokre hyggjelege dagar i Hyen med ei høveleg blanding av kultur, natur og tradisjon. I år fokuserer vi på den vestre av dei to hvedalane der vi kan by på fotturar, friluftsliv, triatlonkonkurranse, flakedans, støylsmesse m.m.

Også i år startar vi alt på onsdag med Nasjonalt friidrettsstemma på idrettsplassen.

Sidan går det slag i slag med lang fjelltur på torsdag, fotballkamp og volleyballturnering på fredag. Nytt av året er besøks-garden på Solheim, som er open alle dagane unntate torsdag. På denne måten prøvar vi å spreie aktivitetane slik at folk slepp å velje vekk ting dei har lyst å vere med på.

Det er naturlegvis laurdag og søndag det er mest aktivitet og rimelegvis størst publikumstilstrøyming. Av kulturelle innslag, er vi spesielt stolte av at vi har fått den prisløna skodespelaren, Rut Tellefsen, til å opptre i Hyekyrkja med eit Ibsen-program, som ho har laga i høve Ibsen-jubileet i år.

For dei som også likar litt action-prega aktivitetar, eller som ikkje har høve til å kome seg opp i høgda og få nyte flott utsikt over den vakre bygda på annan måte, kan ein spektakulær rundtur med helikopter vere eit spennande alternativ.

I sentrum kan du også i år gå på kunst- og brukskunst-utstillingar der du kan sjå og kjøpe kunst og lokalt produserte varer innan handverk av mange slag, og du kan kjøpe deg god mat og drikke. Tvers over vegen frå Columbus, i Firda Billag-garasjen, vert det i år ei rikhaldig utstilling av utstoppa dyr, fuglar og fisk, og vonleg mange vakre gevir.

Friluftsliv ert denne gongen på Fullskjegga i Vestredalen, og der kan du finne varierte salsutstillingar, vere med på ulike konkurransar og aktivitetar for born og vaksne, og du kan kjøpe deg grillmat og skikkeleg svartkjelkaffi. Den populære triatlon-konkurranse ert avvikla i området rundt leiren laurdag ettermiddag.

Om kvelden spelar Hyen Spelemannslag opp til dans på den fine, nye flaken over riksvegen like ved friluftsliv ert. Her kan dansen gå over tilje til langt ut i dei seine nattetimar.

Søndag er det tid for den tradisjonelle støylsmessa, som denne gongen ert halden på Hopsstøylen. Etter gudstenesta ert det selt rømebraut, kaffi og kaker. Etterpå kan du vere med på ein lett fottur til Skilbreia og Høgdene.

Det ert vert arrangert mange ulike, eller kanskje vi heller skal kalle dei like, dagar rundt om i bygder og byar desse hektiske sommarvekene. I Hyen prøver vi å vere litt annleis, litt originale om du vil, og vi håpar at tilboda våre fell i smak og kan samle retteleg mykje folk. Vi lovar gjere det vi kan for at folk skal trivast og ha det hyggjeleg saman med oss.

Med venleg helsing  
Magnar Heimset  
- leiar -



Vestredalen i Hyen er eit eldorado for friluftsliv, jakt og fiske. I Storefjorden er det teke aurar på opptil fem-seks kilo på stong.

# AKTIVITETSPLAN

## ONSDAG 19. JULI

**Kl. 14.00 - 18.00** Solvang besøksgard open (s 4).

**Kl. 17.30** Nasjonalt friidrettsstemma på Idrettsplassen (s 8).

## TORS DAG 20. JULI

**Kl. 10.00** Fjelltur Eimhjellen - Smølmedalsegga - Gamlestøylen (s 8).

**Kl. 13.00 - 17.00** Osmundnestunet ope for omvisning.

## FREDAG 21. JULI

**Kl. 13.00 - 17.00** Osmundnestunet ope for omvisning.

**Kl. 14.00 - 18.00** Solvang besøksgard open (s 4).

**Kl. 18.00** Fotballkamp på Idrettsplassen, Hyen - STIL (s 8).

**Kl. 20.00** Sandvolleyball-turnering i Vikja. (s 8).

**Kl.18.00 - 21.00** Friluftsliv ert på Fullskjegga, open for telting (s 4).

## LAURDAG 22. JULI

**Kl. 10.00 - 18.00** Friluftsliv ert på Fullskjegga open (s 4).

**Kl. 11.00 - 17.00** Salsutstillingar på Columbus (s 5).

**Kl. 11.00 - 17.00** Hyen Jeger og Fisk har utstilling av utstoppa fuglar, dyr, fisk, småvilt, hjort, elg, m.m. i Firda Billag-garasjen.

**Kl. 11.00 - 17.00** Galleri Nikken på Kaia ope.

**Kl. 11.30** Hyen Spelemannslag, konsert på Kyrkjegranden.

**Kl. 12.30** Ibsen-käseri i Hyekyrkja v/Rut Tellefsen, utstilling (s 5).

**Kl. 12.00 - 17.00** Rundflyging med helikopter (s 5).

**Kl. 13.00 - 17.00** Osmundnestunet ope for omvisning.

**Kl. 14.00 - 18.00** Solvang besøksgard open (s 4).

**Kl. 15.30** Triatlonkonkurranse på Høgdene (s 8).

**Kl. 20.00** Flakedans på Fullskjegga med Hyen Spelemannslag (s 8).

## SØNDAG 23. JULI

**Kl. 12.00** Støylsmesse på Hopsstøylen. Olaf Sig. Gundersen.

Etterpå ert det sal av rømebraut, rømaske, kaffi og kaker.

**Kl. 12.00 - 17.00** Aktivitetar i friluftsliv ert som på laurdag.

**Kl. 14.00** Fottur Hopsstøylen - Skilbreia - Høgdene (s 8).

**Kl. 14.00 - 17.00** Salsutstillingar på Columbus som på laurdag.

**Kl. 14.00 - 17.00** Hyen Jeger og Fisk har utstilling som på laurdag.

**Kl. 14.00 - 17.00** Osmundnestunet ope for omvisning.

**Kl. 14.00 - 17.00** Galleri Nikken på Kaia ope.

**Kl. 14.00 - 18.00** Solvang besøksgard open (s 4).

## Overnatting og oppstillingsplass for campingvogner:

Nesholmen tlf. 57 86 96 54 - nettside: [www.nesholmen.no](http://www.nesholmen.no)

Vågen Motell & Camping tlf. 57 86 68 66

## Informasjon:

Magnar Heimset tlf. 913 29 453 - nettside: [www.hyen.com](http://www.hyen.com)

All deltaking på turar og aktivitetar er på eige ansvar.